

Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget
for Haugesund og bygdene

1966

Sundførkastet

Ein gamal rett til notfiske i sjøen

Av N. H. Tuastad

Ålfjorden skjer seg frå Bømlafjorden i nord rett gjennom dei sørste Sunnhordlandsbygdene og like inn i Rogaland. (Kart s. 9). Inst i botnen ligg Sundfjørpågen i Skjold herad. Ålfjorden er ein god fiskefjord, og i ser all slags ferdafisk og stimfisk er snek til å renna heilt inn i Sundfjørpågen, og der inst inne er han lett å stengja med not.

Heilt fram til vår tid har jordamennene på garden Sundfjør handheva einerett til å stengja fisk, i ser sild, makrell og brisling, men og notfisk som småsei og lyr, i Sundfjørpågen. I den siste mannsalder har dei halde på denne retten berre for det såkalla *kastet* inst i vågen; men i tidlegare tider har dei visst hevda denne retten så langt ut i vågen som garden Sundfjør eig landet.

Sundfjørmennene har påropt seg ein gamal rett som etter det «dei gamle» sa alltid hadde høyrte garden til, og dei har jagd vekk framande fiskarar som la seg for kastet. I grannelaget var dette ålment kjent, og i det store og heile har folk som høyrer heime i fjorden godteke at berre Sundfjørnotbruket har lov å kasta inst i vågen, og halde seg burte derifrå. Her kan me og stø oss til skriftlege fråsegner frå 1925 og 1926 frå to grannar. Den eine er Ariel Helgeson Håvik. Han seier at han frå kring 1870 har drive notbruk i Ålfjorden. Fisket i Sundfjørpågen har såvidt han veit vore drive berre av oppsitjarane på Sundfjør, og alle grannane kring Ålfjorden rekna det for ein einerett som tilkom brukarane på Sundfjør i samsvar med matrikkelskylda på garden, og at Sundfjørbruka betalte skatt for denne retten. Jakob Håvik har gitt ei liknande fråsegn. Garden Håvik, der Ariel og Jakob høyrde heime, er næraste grannegarden til Sundfjør på austsida av fjorden.

Der har likevel, då visst i seinare tid, vore folk i grannelaget som har pukka på denne eineretten til Sundförgarden på notfisket i Sundfjør- vågen. Dette går fram av ei semja som er gjort hausten 1910 mellom noteigarane på Sundfjør og noteigarane på dei to næraste grannegardane på vestsida av fjorden, Lilland og Grunnvåg.

Oppsitjarane på Lilland, Svebakken og Komlehaugen ¹ hadde tidlegare vore faste folk på Sundfjørbruket; men dei var berre lutmenner og hadde ikkje parter i bruket. Nå hadde dei kosta notbruk sjølv og tok til å fiska i vågen dei og. Sundfjørane hevda som før fiskeretten i heile Sundfjør vågen. Dei andre har vel påropt seg den vanlege regelen om fiske i sjøen, at det var fritt for alle.

Lensmann Ola Dybdahl fekk partane forlikte om ei deling av kaste- plassane i vågen. Semja om dette lyder så:

Undertegnede Noteiere på Sundfjør og Noteiere på Lindland og Grunnvåg gjør herved vitterligt at være kommet overens om i hvilken Udstrækning hver af oss nevnte parter skal ha Frihet til at foreta Stængning med Not på Sundfjør vågen.

Vi Noteiere på Sundfjør forbeholde os Eneret over Stængepladsen på det gamle Sundfjørkast således at sidstnevnte Noteiere på Lindland og Grunnvåg ikke skal komme med sit Notbruk og foreta Stængning på nævnte Plads. Derimot skal disse ha uhindret Ret på Holmsund uten Konkuranse av Sundfjør Noteiere.


Således at være enige bekræftes med vore Underskrifter.

Glette den 15. September 1910.

Johan Glette	Helge S. Fjon	Peder Sundfjør
Johannes Sundfjør		Normann Fiksen
Oliver Lindland	Lars Grundvåg	Tjærand Lindland
	Til Vitterlighet	
	Ola Dybdahl	

Det var dei to kasteplassar som er nemnde i semja som gjekk for å vera dei beste fiskeplassane i vågen, «Det gamle Sundfjørkastet», som

¹ Svebakken var tidl. husmannsplass under Lilland, seinare sjølveigande. Komlehaugen var husmannsplass under Sundfjør.



det er kalla i semja, *Kastet* som det heiter i dagleg tale, og så *Holmsund*, ei bukt som skjer seg inn på vestsida av vågen noko lenger ute. Men best av desse to var *Kastet*, og at Sundførane i semja «forbeholdt» seg eineretten til det, viser at dei var den sterkaste parten. Og på kastet slapp dei aldri andre nøter til, så lenge Sundførane sjølv dreiv fiske.

Kva er så den røynelege bakgrunnen for den eineretten til fisket i Sundførvågen som grunneigarane påropa seg?

Me skal ta dette spørsmålet for oss frå ein historisk, og ikkje ein juridisk synsstad, jamvel om me i det fylgjande og vil måtta koma noko inn på lov og rett.

Det er alt nemnt at grunneigarane heldt dette for ein gamal rett som «dei gamle», d.v.s. tidlegare eigarar, hadde fortalt dei om og sjølv praktisert. Det var med andre ord ein nedverd rett dei bygde på, ein tradisjonsrett som hadde gått i arv frå mann til mann. Vidare meinte dei at det var ein serrett som dei laut betala serskilt for. Ein av dei gamle part-eigarane i Sundførbruket uttrykkjer det slik: «Vågen er ein skyldsett våg, og me har i uminnelege tider betalt skatt for denne fiskeretten». På spørsmål om han kjenner til korleis dei har fått denne retten, svara han: «Han far visste ikkje kva tid vågen var skyldsett, men dei gamle hadde nok noko å gå etter. Eg trur denne retten har golde frå den fyrste oppsitjaren busette seg her».

Noko skriftleg ser det såleis ikkje ut til at dei i seinare tid har hatt å visa til, ikkje noko gamalt gulna dokument som dei kunne finna fram og syna for seg, om framande notfolk skulle leggja seg for kastet. Det viser seg likevel at det finst skrivne kjelder som Sundførmennene

Sundførvågen med naust og buer, etter utskiftingskartet 1895 i Jordskiftearkivet. Namna er påsette av forf. etter opplysning av Ivar Glette. Bnr. og brukarnamn i () er frå utskiftingskartet 1895. 1. Kleivanauste (i utsk. utan nr. og eigar). 2. Heljesenauste (bnr. 4 Johs. Helgesen). 3. Nistovenauste (bnr. 3 Sakarias Gudmundsen). 4. Nilsanauste, seinare Normannauste og «Buå» (bnr. 2 Ole Nilsen). 5. Inngjerdenauste (bnr. 6 Bent Simonsen). Mellom 4 og 5 ligg Nausthaugen som i utskiftinga er lagt ut til sams bruk for garden. 6. Olsanauste, seinare Pedersnauste, med Pedersbuå (bnr. 1 Johannes Olsen). 7. Storableitenauste (bnr. 5 Ivar Olsen). 8. Glettенаuste (bnr. 7 Johan Iversen). 9. Glettetrenauste. Dei to «kast» er sett etter oppl. av Ivar Glette. Dei kan sjølv sagt ikkje reknast for faste slik dei er avmerka her, men retta seg etter kvar fisken stod i vågen.

kunne og kan stø retten sin på. I gamal tid må dei nok og ha kjent desse, men det ser ut til at dei sidan er gått i gløyme til dei i nyare tid er funne fram or arkiva. Om dei er opphavet til og grunnlaget for fiskeretten i Sundførvågen, eller om dei berre stadfester ein rett som alt var der frå før, gir desse kjeldene ikkje noko svar på.

Me skal her ta dei for oss i kronologisk orden.

1. I matrikkelen for 1667 er nemnd at fiskevågen «gifuess 1 Løb Af». Dette må ein forstå slik at leigendingane på Sundfør — dei heitte då Gunnar og Johannes — svara serskilt landsskyld av fiskevågen til jordeigaren, Ludvig Rosenkrantz, for fiskeretten. Landsskylda på sjølve jordvegen vart ved dette høvet nedsett frå 5 lauper smør til $4 \frac{1}{4}$ laup; men der er ikkje nemnt noko om at landsskylda på fiskevågen vart nedsett, noko som tyder på at dei heldt fisket der for ein verdfull serett.
2. I matrikelutkastet 1723 heiter det: «Til denne gård Sundfør ligger en Makrel og Sildevåg som årlig giver viss fisk af begge Deler, særlig Makrel hvoraf kan have temmelig god Fortieneste. Har til forn ei været sat i nogen Skyld, sættes derfor nu årlig at svare til Deres Maytt i penger = 1 Rdr: og til Eieren i årlig Afgift lige så 1 Rdr:» Opplysningen i 1723 om at fiskevågen tidlegare ikkje har vore sett i skyld samsvarar dårleg med det som er sagt i 1667, kva nå grunnen kan vera. Det nye som er kome til i 1723 tykkjest vera at brukarane skal svara ein fast årleg skatt til kongen utanom avgifta til jordrotten, og at desse avgiftene er sett i pengar, medan landsskylda tidlegare var rekna i smør.

Det er vidare opplyst at garden er delt i to bruk som i 1667. Eigarane er i 1723 «Hr. Søren på Klep» (Søren Jensen Godtzen, sokneprest i Klepp, Jæren, 1690-1734) og «Hr. Willum Frimand» (Willum Frimann, sokneprest i Kvinnherad 1710-1749 og prost i Sunnhordland). Desse to var gifte med kvar si syster, døtrer til sokneprest i Kvinnherad Peter Henriksson Arntz. Dei eig kvar halvta av garden, så det må vel vera konearv. Det vert opplyst at landsskylda av garden er sett ned frå $4 \frac{1}{2}$ til 4 laupar smør. Til dette kjem då dei to riksdalane for fiskevågen.

I skattebøkene på 1600-talet er 1 laup smør landsskyld vanleg verdsett til 2 riksdalar. Dersom same verdet var nytta i 1723, er det

landsskylda på fiskevågen i 1667, 1 laup smør, som går att i dei 2 riksdalane i 1723. Det fylgjande kjeldeskriftet me skal ta for oss stadfestar dette. Grunnen til at halve skylda av fiskevågen i 1723 er nemnt som ein skatt til kongen, har me ikkje funne.

3. I 1763 kom det eit avgjerande skifte i eigedomstilhøvet på Sundfør. Til då hadde garden vore leiglendingsgods ått av embetsfolk og brukt av leiglendingsbønder. Den siste utanbygds eigaren var prestenkja Drude Marie Koren, enkja etter sokneprest Johan Koren til Stord. Han var son til Maren Pedersdtr. Arntz i hennar første ekteskap. Andre gongen var ho gift med fyrrnemnde prost Willum Frimann. Ved arveoppgjeret etter prostinne Koren var godset i 1763 sett til auksjon på Leirvik, og dei to leiglendingane kjøpte då bruka sine og vart sjølveigande bønder. Sidan har Sundfør vore bondegods.

I skøyta til den eine, Johannes Hansson, står at han har kjøpt «sit på boende Brug af Skyld 2 Løb Smør item ½ Løb i underliggende Fiske Vog for denne Summa 361 Rd». I skøyta til den andre, Johannes Johanneson, står likeeins at kjøpet gjeld 2 laupar smør i garden Sundfør og dertil ½ laup i fiskevågen for 351 riksdalar. Det står derimot ikkje i den skøyta at det gjeld det bruket han sjølv bur på; men under «herligheder» som ligg til bruket står at her fyl med «Rydningssplads Glette som Kiøberen har først ryddet og opsat Huuse på». Men som ein ser har kvar av dei kjøpt helvta av garden, og den samla skylda er 4 laupar smør og dertil 1 laup for fiskeretten som såleis framleis er verdsett og skyldsett serskilt, nett som i 1723 og i 1667.

4. Skattekommissjonen som skulle revidera jordmatrikkelen i 1803, har i takstane på dei tri dåverande bruka på Sundfør nemnt at kvar av dei har part i fiskevågen. Der er ikkje skrive noko om serskilt skyld på fiskevågen. Av taksten går det berre fram at kommisjonen har vurdert kvart einskilt bruk etter ein takst på 500 riksdalar pr. laup og samla takst 2000 riksdalar, så me ser at det er rekna med ei samla matrikkelskyld på 4 laupar. Dette gjeld då truleg berre jordene, utan fiskevågen; det er i samsvar med matrikkelskylda i 1763, og jordtaksten og høver bra til takstane kommisjonen har sett på grannegardane: Haga 650 rd. pr. laup, Haganes 500 rd. pr. laup, Hagavik 400 rd. pr. laup. I hovudmatrikkelkommissjons-protokollen 1819-45

er den samla matrikkelskylda på Sundfør 4 lauper og 36 merker smør, og der står: «Til denne jord er kastevåg». Ikkje her heller er nemnt serskilt skyld på fiskevågen; men dei 36 merkene, som er det same som $\frac{1}{2}$ laup, er kanskje skylda på fiskevågen, sjølv om dette ikkje samsvarar med punkt 5.

5. Ved offentlege skifte i 1814 og 1819 etter ektemakane, gardsmann Ingebrikt Johannesson og kona Kjirsti Sjursdotter (frå Føre i Avaldsnes) er buet sin part i fiskevågen verdsett for seg. Dei åtte halve Sundfør. I skiftet etter kona som døydde fyrst, er oppskrive «stervboets eiende 2 løp smør landsskyld med byksel og herlighet i gården Sundfør og $\frac{1}{2}$ løp sm: «*i underliggende fiskevåg*». Fiskeretten er skift serskilt etter same høve som buet elles. Der var ingen born i ekteskapet, og enkjemannen får utlagt på seg $\frac{3}{4}$ av buet. Av fiskevågen vert det $\frac{3}{8}$ laup på enkjemannen og $\frac{1}{8}$ på konearvingane. Retten til halve fiskevågen vart skift i ikkje mindre enn 35 luter.

Ved skiftet etter enkjemannen i 1819 vart parten hans, $\frac{3}{8}$ laup, i fiskevågen skift på endå 10 arvingar. Teoretisk skulle halve fiskeretten i 1819 då vera skift i 45 luter. I røynda var det likevel ikkje slik. Alt i levande live hadde Ingebrikt og kona late systersonen til Ingebrikt, Endre Endreson, bruka halve jordvegen deira. Dette var gjort før 1803, då Endre det året står som brukar av 1 laup og 9 merker smør, og Ingebrikt sjølv står som brukar på den andre helvta. Brorsonen Ånen Knutsson tek over denne andre parten etter Ingebrikt. Desse to nye brukarane må ha løyst ut alle dei andre arvingane både når det gjeld jordpartar og partane i fiskevågen, såleis at fiskerettane i røynda har fylgt brukarane slik dei hadde gjort både før og har gjort seinare.

6. Så seint som ved omtakseringa i samsvar med lov av 6. juni 1863 om revisjon av matrikkelen, har takstnemnda sett serskilt takst på fiskeretten i Sundførvågen. Verdet er sett til 200 spesiedalar og bytt på dei 7 bruka på garden i samsvar med matrikkelskylda. Forutan Sundfør er i Skjold prestegjeld berre sett serskilt verde på fiskerett for «Laksefiskeriet i Yrke» og garden Åm i Vats; for sistnemnde gard galdt det visseleg laksefisket i elveosen. For Yrke galdt det ikkje berre laksefisket men og anna notfiske, og fiskeretten der var frå

gamalt av og er framleis serskilt matrikulera med eige gardsnummer og bruksnummer.

MATRIKKELSKYLDA PÅ SUNDFØR 1667 - 1906

År	Skyld	Merknader
Matrikkelrevisjonen 1667	5 laup smør. «Forbliver 4 ½ l.»	«Ner i Søen en fiskevog som gives 1 løb af»
Matrikelutkast 1723	4 laup. «Takst etter gammel matrikel 4 ½ l. smør»	«Fiskevågen har til forn ei været sat i nogen skyld. Settes derfor nu årl. at svare 1 rd. til kgl. May st. og 1 rd. til eieren»
Skøyte 1763	4 laup + 1 laup i fiskevågen	
Skattekommisjonen 1803	4 laup	«Har anpart i Sundfør fiskevåg»
Hovedmatrikelkommisjonens protokoll merkt 1819-45	4 ½ laup	«Til denne jord er kastevåg»
Skifte 1814 og 1819 på halve garden	2 laup + ½ laup i underliggende fiskevåg	
Matrikel 1838	4 ½ laup. Omrekna til 15 skylddalar, 3 ort	Verdet av fiskevågen er etter § 28 i Lov av 17.8. 1818 medteke i den samla matrikkelskylda.
Matrikel 1851	15 dalar 3 ort, det same som 4 ½ l.	
Framlegg til ny matrikel 1863	15 dalar 3 ort, det same som 4 ½ l.	Matrikuleringsnemnda har taksert fiskeretten serskilt og sett han til 200 spd. fordelt på dei ymse bruksnr. e. matrikkelsk.
Matrikel 1886	15 dalar 3 ort nå omrekna til dei nye einingar 23 skyldmark 69 øre, det same som 4 ½ l.	
Matrikel 1906	23 mark 69 øre, det same som 4 ½ l.	

YRKESVÅGEN FISKERI

Det her nemnde kjeldematerialet seier ikkje noko anna eller meir enn at fisket i Sundførvågen var eit sers verde, eit *lunnende*, som låg til garden og sette han opp i verdi og landskyld. I dei gamle kjeldene står ingen stad med reine ord at det var ein *einerett* til fisket i vågen. Det serskilte verdet fiskevågen var for garden, kunne og koma gardbrukarane til gode med at dei fekk *landslut* hjå framande fiskarar som fiska ved landet deira. Fiskevågen i Sundfør har heller ikkje slik som Yrkesvågen eige bruksnummer eller gardsnummer i matrikkelen korkje i eldre eller nyare tid. Grunnen til det kan vera at fisket i Sundførvågen alltid har fylgt garden; gardeigarane har alltid ått fiskeretten, og det ser ut til at fiskeretten har lege til brukarane den tid det var leiglendingar som brukte garden, seinare til dei sjølveigande gardbrukarane.

I Yrke var det anleis. Der var fiskeretten utskilt frå garden alt i mellomalderen, i minsto før år 1400; for mikelidagen det året make-skifte ei Astri Bjørnsdotter ei halv notestød i Yrke fiskevåg til Åmund Endreson. Kven desse var, veit me ikkje; men frå 1500-åra og utetter 1600-åra eig den mektige Kollætta på Nessa i Nedstrand fiskeretten i Yrke. Ved arveskifte og noko ved handel kom fiskeretten etter kvart på mange hender, og mellom eigarane finn me og folk av den kjende Ile-Stokka-ætta i Vats. Partane i fiskevågen var vanleg rekna i famnar notestød. Denne fiskeretten var skattlagd frå gamalt av. Skatten var ei tunna makrell årleg så langt attende me kjenner til. I den store matrikkelrevisjonen i 1667 er skatten verdsett til 4 riksdalar. Matrikkelkommisjonen gjorde då framlegg om å setja skatten ned til det halve «eftersom samme Fiskeri nu gandske ringe befindes». Men i ei rettsak i 1687-88 viste jordeboka til kongen, som futen la fram i retten, at skatten framleis var ei tunna makrell. Futen påstod at dette var bygsel og årleg landskyld (leigeavgift) og at fiskeretten difor tilhørde kongen. Saka galdt i røynda ikkje kven som åtte fiskeretten. Det var gardeigaren i Yrke som hadde reist sak mot dei som åtte fiskeretten. Han meinte dei hadde påført eigedomen hans skade under fisket og mellom anna og sett opp naust ulovleg på hans eigedom. Eigarne til fiskeretten la fram i retten heimelsbrev og pantebrev som klårt viste at dei åtte fiskeretten, og dei sa — og det var visseleg rett — at avgifta på ei tunna makrell

var ikkje andskyld men tiende. Det underlege og uventa hende likevel at skrivaren sa dom for at fiskeretten i Yrkesvågen «hans ko. May og Cronen til Eiendom efter Jordebogen fuldkommen bør følge». Såleis kom denne eldgamle fiskeretten, som i uminneleg tid hadde vore i bondeeiiga, under kongen og krana. I 1729 lyste dei ut fiskeretten i Yrkesvågen til auksjon saman med anna «strandgoods» som krana hadde skaffa seg i Stavanger amt, som det står i auksjonsplakaten. Major Christopher von Krogh i Hogganvik fekk tilslaget for høgste bod, 101 riksdalar og fekk kongeskøyta dagsett 16. mars 1730. «Yrkesvågen fiskeri» fylgde sidan ætta Krogh/Magnus i Hogganvik til 1882, då ein forretningsmannen, E. Berentsen i Stavanger vart eigar. Fiskeretten tilhørde sidan han og seinare arvingane hans til desse i 1946 selde den til folk på staden som nå er eigarar. Yrkesvågen Fiskeri står framleis i matrikkelen som serskilt eigedom, revidert gnr. 129, bnr. 1 i Vindafjord kommune med matrikkelskyld 3 mark og 4 øre.¹

Det same ville kanskje fiskeretten i Sundførpågen ha gjort dersom ein av dei tidlegare proprietæreigarane hadde skilt ut fiskeretten for seg, dersom den siste av dei t.d. hadde halde fiskeretten unna då leigendingane i 1763 fekk kjøpa bruka sine, slik at fiskeretten hadde vorte skilt frå garden såleis som i Yrke. Men sidan fisket fylgde med i handelen, var det ikkje nokon grunn til å skilja det ut som eige matrikkelnummer. Som i Yrke må fisket i Sunførpågen likevel ha vore ein serrett; men her har han alltid fylgt garden. Den gamle bruksmåten som er gjort greide for i det føregåande, og har halde seg heilt til vår tid, må vera eit relikv frå ei tid då den vanlege regel har vore at fisket var ein rett som hørde til og fylgde jordeigarane.

SERRETTAR TIL SJØFISKE ANDRE STADER

Den ålmenne regelen er nå at fisket i sjøen er fritt for alle. Innanfor den norske sjøgrensa kan alle nordmenn fiska. Berre laksefiske og sjøaurefiske er undanteke frå dene regelen; dei er framleis ein serrett for grunneigarane til næraste land.

¹ Det har vore ført mange rettsaker om fiskeretten i Yrke gjennom tidene. Om dei eldste sakene sjå E. Bakkevig: Særretten til fiske i Yrkesfjorden, Hgsd. Dagblad 28/6 1941 og B. Velde: Slegtene Velde og Espeland s. 215. Saker om fiskeretten har i nyare tid vore førde heilt til høgsterett.

Denne hovudregelen om sjøfiske finst alt i eit kongeleg reskript utferd i 1728 i samanheng med ei sak om retten til hummarfiske ved nokre holmar og skjær under garden Veå i Åkra herad på Karmøy. Reskriptet slår fast at det er «både den almindelige udisputerlige praksis i landet og loven gemes at enhver fisker den fisk havet giver av sig hvor den falder, undtagen lax, som søger visse steder hvilke stå i aparte skat og skyld for det slags fiskerie». Reskriptet gjorde om inkje ein dom som var avsagt av sorenskrivaren med lagrettemenn, og som i prinsippet hadde tildømt jordeigarane retten til hummarfisket, men slik at det dei ikkje sjølv kunne overkoma å fiska, skulle dei lata andre få fiska. ¹

Me må tru at lagrettemennene som var bygdefolk, har halde fram det som var ålmenn regel ved fiske, og at dommen byggjer på det, og at det nyare synet som kjem til uttrykk i det kongelege reskriptet, på den tid endå ikkje var rådande mellom ålmugen. Når det gjeld hummarfisket har det gamle synet, at fiskeretten tilhørde grunneigarane, halde seg og jamvel vore praktisert på Karmøy til inn i dette hundreåret. På Syre i Skudenes hadde jordamennene frå gamalt av retten til hummarfisket, fortalde Ludvig P. Syre meg i 1952. Jordamennene på Syre hadde to strekningar som dei brukte sjølv; sjøen utanfor skiftet mot Mjøllhus i nord, til Garsendevik i sør hadde bnr. 1 og 7 fiskeretten på, og dei 10 andre bruka på garden hadde retten på sjøen utanfor stranda frå Garsendevik til Alleskjær, men sjøen på strekningen Alleskjær til skiftet med Sør-Håland var fritt for alle oppsitjarane på Syre, Grødeim og Risdal, og der kunne både gardmann og strandsitjar fiska. På dei to førnemnde strekningane heldt dei derimot strengt på fiskerettane, og alle jordamennene måtte vera samnde om den dagen då dei skulle ta til med fisket vestanfor Alleskjær. Ein strandsitjar utan fiskerett kunne etter gamalt få fiska i fiskerettane til Syremennene, dersom det var i staden for ein av jordamennene som ikkje nytta retten sin og mot å betala 15 skilling for sesongen. Om hummarfisket lenger aust, utanfor Vik, fortalde Ole A. Vik at dei kunne «leggja» mot vest til Vigeholmane og

¹ Ryf. tgb. A. nr. 45 fol. 19. Om reskriptet: Norges Love 23, apr. 1728, «Rescript ang. at Hummer-Fiskeriet er enhver tilladt». Både hummarsaka og reskr. attgjeve i skriftet Veavåg Fiskarlag gjennom 50 år, Hgsd. 1947.

mot aust til Skude. Dei likte ikkje at andre enn Vikemennene kom og fiska på denne streknigen, sa han.

Frå Røvær i Skåre er det og vitnemål om at oppsitjarane rekna hummarfisket å høyra landet til. I 1723 klaga dei til amtmannen på at fiskarar frå Karmøy kom og fiska hummar. Amtmannen gav dei rett, og etter pålegg fra han fredlyste futen på hausttinget same år Røvær med underliggjande øyar for hummarfiske når det galdt framande fiskarar. ¹ Så seint som kring 1930 påropte grunneigarane seg denne eineretten til hummarfisket kring Røvær. Saka var då oppe i retten, der Røvær-mennene tapte.

Når det gjeld hummarfisket må me tru at det har vore det rådande synet mellom jordamennene i minsto, at fiskeretten låg til gardane. Det var ikkje før på 1600-talet, då skottar og hollendarar tok på å kjøpa hummar her, at dette fisket tok seg opp og fekk noko økonomisk verd. Det var snaut noko nytt syn på fiskeretten som berre galdt hummarfisket som då kom opp. Det har snarare vore det rådande synet på fisket reint ålment, at fiskeretten hørde landet til, som naturleg nok har vorte hevda for hummarfisket og.

Me skal nemna nokre døme utanfrå Karmsund på at dei rekna fiskevågar som rettar som hørde gardane til, slik som Sundførkastet og Yrkevågen. I 1777 og 1780 var der rettsak mellom dei to grannegardane Sæbø og Boknaberg i Bokn om retten til fiske i Halvardsvik. Båe gardane var på den tid benefisert gods, Sæbø låg til Skudenes soknekall og Boknaberg til Bjørgvinbispen, og det var leiglendingar som sat på gardane. I retten fortalde vitnet Anders Peterson Breivik at han for 26 år sidan hadde pakta fisket i Halvardsvik av prost Schrøder i Skudenes for ei årleg avgift på 1 riksdalar og ein fjording fisk «mer eller mindre, dels frisk og dels saltet, dessuten kokefisk til Sæbø beboere». Før han hadde ein mann frå Kopervik styrt fisket saman med oppsitjarane i Føresvik etter avtale med Skudenespresten. Sæbøgarden vart ved domen tilkjent eineretten til fisket. Det går fram av rettssaka at Halvardsvik var ein kaste plass der dei dreiv fiske med not. ²

¹ Ryf. tgb. B a nr. 43 fol. 65.

² Saka er her referert etter E. Vatnaland: Ei sak om «Boknahove» og om retten til fisket i Halvardsvika. Rog. hist. 1. årsh. 1942.

I skifte 1796 etter Mathias Larson Snik, Avaldsnes, er oppskrive at buet eig m.a. garden Tuastad «med 11 underliggende husmannsplasser og fiskevågen Nibsund». Nibsund er ein mykje kjend kastevåg i ytre Røyksund. Det finst ingen tradisjon eller annan opplysning om at jordeigaren har hevda einerett til fiske i Nibsund. Så langt attende ein nå veit om, har jordeigaren berre hatt rett til landslut. Men opplysningen i skiftet tyder på at i slutten av 1700-åra nytta eigaren ennå fiskeretten der som ein serrett for garden.

I gåvebrev 1732 på garden Østhus i Avaldsnes, grannegarden til Tuastad, gir eigaren Ole Ingebriktson Visnes, andre kona si, Torbjørg Rasmusdotter, 2 ½ vett (d.e. heile garden) «med underliggende 4 små husmannsplasser og *fiskekast* i Røksund til fullkommen odel og eien-dom». Dette gjeld indre Røyksund som ligg til Førdesfjorden, og er som førnemnde Nipsund kjend som ein god fiskevåg både for sild og makrell. Frå 1712 finst det eit liknande døme frå Førdesfjorden: Lensmann Øystein Danielson Fosen skøyter til versonen Knut Toreson Tuastad 6 spann (d.e. heile garden) Skre «med indeliggende *fiskevåg*, bøksel og herlighed».

Liknande opplysningar som dei me her har nemnt frå Karmsund, finst andre stader på kysten og. Om det gamle fisket i Øygarden vestanfor Bergen vert jamvel fortalt at sjøen var delt i fisketeigar utover havet på same måten som jorda på land. Kvar fiskar frå den og den gard hadde sine rettar i fiskeplassane på havet til liks med heime ved land. «Fiske-teigane gjekk i breidd med landet åt sjøive fiskekrinsen. Så og så mange gardar utgjorde ein fiskekrins». ¹

Oppsitjarane på gardane ved Torskangerpollen i Nordfjord fekk i 1723 stadfesting frå stiftbefalingsmannen i Bergen på at berre dei hadde rett til å fiska i pollen, og det var «aldeles lovstridigt og ubilligt» at framande fiskarar kom der og sette garn. Eit liknande brev får bonden som eig landet ved Flisterpollen i Nordfjord i 1758; men han går året etter med på at grannane skal få fiska ytterst i pollen, medan han, slik som bøndene i Sundfør i Skjold, heldt for seg den beste fiskeplassen inne i pollen. Men 8 av fogden oppnemnde lagrettemenn som hadde fått denne semja i stand, legg vekt på at «efterdi nok bemeldt Simen Flister

¹ Johs. Revheim: Det gamle fisket i Øygarden. Hordal. Landbr.mus. årb. 1955-56.

har eftergivet noget av sin rett, så forpliktes hans granner, at i fall torsken ikke skulde gå til Flisterpolden, men for deris land, da skal de med all kjærlighet imottage hannem udi deres tilhørende fiskerie». ¹

Det er gamal praksis jordeigarane har halde seg til når dei har hevda fiskeretten ved landet sitt. Det finst fleire heimelsbrev frå mellomalderen som viser det; i kjøpebrev og gåvebrev på jordeigedomar frå 1300-åra er mellom herligheter som fyl med, særskilt omtala makrellvågar og fiskeri. ² På denne bakgrunnen må me og sjå

LANDSLUTEN

Dei fyrste lovbod om landslut kom ikkje før i slutten av 1700-åra og tidleg i 1800-åra og galdt til å byrja med berre for avgrensa distrikt, og då etter klage frå jordeigarane. Å betala landslut, leiga for fiskeretten hjå landeigaren, var då ein praksis som ser ut til å ha utvikla seg frå tidleg på 1600-talet. På den tida var det etter opplysningar i nokolunde samtidige kjelder rekna for fast regel at ingen kunne fiska med not på annan manns strand utan løyve frå jordeigaren, som då kunne setja vilkår, d.v.s. kor stor part han ville ha av fangsten. Ut frå dette har det vakse fram sedvanereglar som kan ha ymsa frå stad til stad. Det er nemnd dømme på at jordeigaren har kravd opp til halve fangsten, men dei feste seg litt i senn over alt slik at fiske ved annan manns strand vart vanleg mot at grunneigaren fekk ein viss part av fangsten, medan bakgrunnen for det litt etter litt gjekk i gløyme. Det var difor fullt utvikla reglar som hadde vore i bruk i «uminnelige tider» som det heiter i ei klage frå Sunnhordland, som fekk lovs kraft ved ei rad kongelege påbod sist på 1700-talet. ³

¹ Nordfjord panteb. nr. 3 1723-1733 fol. 551, og Do. nr. 7, 1755-1772 fol. 65 b og 81 b.

² Sjå Dipl. Norv. XII s. 53 nr. 69, s. 65 nr. 86 og s. 89 nr. 116.

³ Det fyrste lovbod om landslut kom i ei forordning dagsett 21-12 1792 og galdt for Fosens fogderi, Trøndelag. Her vert fastsett «en håsætters lod» til brukaren av jorda der notfiske vert gjort og fastsett skadebot for skade på åker og eng. Reskript 27/3 1795 for Sunnhordland seier at jordbrukaren skal ha frå 1/16 til 1/8 av fangsten ved landet alt etter kastestaden, kor stor han er og korleis han ligg. Seinare same året vart dette utvida til å gjelda Nordhordland, i 1798 til å gjelda heile

Me skal så med bakgrunn i det som er sagt i det føregående om det gamle ålmenne synet, at fisket var ein rett som fylgde landet, sjå litt på den rettslege sida av fiskeretten i Sundførvågen, sjølv om dette ligg på sida av vårt emne. Jordeigarane på Sundfør fekk i 1926 høgsterettsadvokat Ingolf Sundfør til å gi ei juridisk utgreiing om dette. Han ætta sjølv frå Sundfør, og forfederne hans var noteigarar og brukarar til Sundførkastet, og det er berre rimeleg at dette forvitnelege spørsmålet difor måtte fanga hugen og tanken meir enn ei vanleg juridisk sak. Framstillinga hans byggjer på eit stort materiale både historisk og juridisk; dei historiske kjeldene er i hovudsaka dei same som er nytta her. ¹ Hans syn kan resumerast slik:

Fritt fiske i sjøen er hovudregelen, og det krevst sterke prov om det skal gjerast undantak frå det. Men slikt undantak kan grunna seg på at grunneigaren, og berre han, i god tru i alders tid har halde på einerett til fisket, uhindra av tilstøytande grunneigarar. Det er falle dom for at einerett til fiske i sjøen kan vinnast ved bruk gjennom alders tid. (Yrkesvågen fiskeri); men det ligg på grunneigaren å prova at slik rett eksisterar. Når det gjeld Sundfør er det ikkje avgjerande at fiskevågen er serskilt skyldsett; men at fiskeretten er skyldsett som ein einerett for grunneigaren kan vera grunnlaget til å vinna fiskeretten for grunneigarane gjennom alders tids bruk; for med dette er grunnlaget for *den gode tru* tilstades som skal til om ein serrett skal kunna vinnast på denne måten. Semja i 1910 mellom grunneigarane på Sundfør og noteigarane

Bergens stift, i 1801 utvida til Romsdal amt og i 1827 til og å gjelda Kristiansands stift.

Opplysningane henta frå Ugeblad for Lovkyndighed, Statistik og Statsøkonomi, udgivet af den norske Sagførerforening, 3. årg. 1864 s. 217 (Bd. 3). Utgreiinga står redaksjonelt, men skal vera skriven av juristen statsråd L. Daae.

At fiskeretten frå gamalt av låg til landeigaren kom og sekretær Torne i Norges Bondelag til etter at han hadde granska våre gamle lover, reskripter, brev m.m. i samanheng med revisjon av landslutlova.

¹ Med velvilje frå grunneigarane har eg til denne artikkelen kunna nytta både den juridiske utgreiinga til advokat Sundfør og gamle dokument og arkivavskrifter vedkomande Sundførgarden, og elles har dei og hjelpt meg både med opplysningar om fisket i Sundførvågen og på annan måte medan eg samla tilfang til og arbeidde med denne artikkelen.

på Lilland og Grunnavåg er eit vitnemål om både at Sundførmennene meinte at dei hadde eineretten til Sundførkastet, og at den andre parten godtok dette synet. Konklusjonen vert då at både den historiske utviklinga, den serskilte skyldsetjinga og semja i 1910 tyder avgjort på at Sundførkastet har vore og er røyndleg einerett for Sundförgarden.

FISKE OG NOTBRUK — ORGANISASJON OG EIGEDOMSTILHØVE

Notfisket i Sundfjørågen var eit samnøyte mellom jordamennene på garden, og dei dreiv det etter reglar som kanskje er like gamle som fisket sjølv og har si rot i det gamle sjølvbergingsamfunnet. Liknande reglar er kjende frå mange andre stader, og dei var ålmenne i fiskebygdene før; men ingen stader her i kring har dei halde seg så lenge i bruk som ved Sundførkastet, og det må ha samanheng med det serlege tilhøvet med fisket der i vågen. Ein hovudregel var — og er — at jordamennene eig bruket i hop; nøter og trengder, båtar og anna vegn som høyrer bruket til er dei saman om. Kvar jordamann har part i notbruket nokolunde etter kor stor jorda hans er, med andre ord: etter matrikkelen. Den gongen der var berre to jamstore jorder var dette enkelt nok; men etter kvart som jordene er vorte skifte i fleire og fleire bruk, har dei nok lote lempa det etter det som var praktisk mogeleg; «Me heldt oss ikkje så strengt etter matrikkelen,» seier Nils Sundfør. «Partane var utrekna etter balkjer (bolkar) i nøtene. Dei største jordene hadde rett til å ha flest balkjer».

Til notbruket høyrde i seinare år ei stor og ei mindre sildanot med eit par sildatrengder, og ei stor og ei lita makrellnot med ei eller av og til to trengder. Kom brislingen på kastet, stengde dei med ei av sildanøtene og hadde ei tett brislingtrengd som dei så snart råd var sette fisken i. Til bruket høyrde og 3 notbåtar, «Fanten», «Fentå» og «Fantongen». Mindre færingsbåtar som det var bruk for, heldt kvar mann for seg. Det var sjølv sagt vandare å halda eigedomstilhøvet innanfor faste reglar etter kvart som det vart bruk for fleire nøter og båtar. Denne gamle regelen gleid difor mykje ut med åra. Det stod og parteigarane fritt om dei ville setja inn nye balkjer etter kvart som det trongst i ei not, eller om dei ville la dei gå ut, og parten deira dermed minka tilsvarande.




Dei gamle Sundfjørnausta. Nausta er sommaren 1965 oppmålte av arkitektstudentane Helge Raaen og Per K. Øvrebust ved NTH.

Regelen var at kvar parteigar heldt sine egne balkjer i stand med bøting og fornying. Men mykje av vedlikehaldet og stell av bruket kravde så stort mannskap at dei laut gå i hop om det, slikt som å barka nøtene, setja notbåtane på land etter fisket og på sjøen når bruket om våren skulle gjerast klart til fiske. Det var regel at dei tok 8 dagars tid når dei var ferdige med vårvinna til å stella med nøter og båtar så alt var i stand til dei venta det årvisse innsiget av makrell og sommarsild.

Frå gamalt var det fast regel om kor mange lutkarar kvar jordamann skulle ha med når bruket var ute. Dei største jordene hadde på jamnan 2 mann og dei mindre 1 mann kvar. Fullt mannskap var frå 10 opp til 13-14 mann. I fisket var alle jambyrdige. Men når dei kasta, var det gjerne ein dei høyrde meir etter enn dei hine. Notbas i den vanlege meining av dette ordet var han likevel ikkje.

Når der var fisk i fjorden, heldt eikvan stødt auga med sjøen, og då låg eitpar av notbåtane klar med nøtene i dag og natt. Det kunne og liggja vakt i *buå*, om nettene då, kartet nr. 4. Sjøbuer er ikkje vanlege



Glettenausta

naust. Dei plar vera mindre enn nausta vanlegvis er, og er som regel bygde av tømmer; det er og buå på Normannsbyggja, og ho var tilrigga med køyer. Det er eit tidlegare kvernhus som i manns minne er flutt til sjøen og oppsett som sjøbu. Pedersbuå, kartet nr. 6, var ikkje tømra og har visst helst vore brukt som ei turkebu for fiskereiskapar. Buene står ennå i vågen, Pedersbuå rett nok sterkt til nedfalls. Buer har dei hatt i vågen før desse som nå står, så dette er ein gamal skipnad.¹

På vestsida av vågen låg nausta på rekkja og rad, sju i talet med bryggjer og båtstøer og buene. Dei fleste nausta står ennå. På austsida ligg dei to Glettenausta åleine, og der var visst aldri fleire på den sida; men på Holmen hadde dei vodleplassen for nøtene, og der stod *gilja* etter 1912. Tidlegare stod det *gilja* på vestsida, på Helgesenbyggja, kartet nr. 2, «giljefoten» kalla dei denne staden. Namnet Giljehaugen ytst i vågen tyder på at det har stade ei *gilja* der og ein gong; men dei

¹ På Ferkingstad, Karmøy, ved den nye fiskehamna står ei gamal tømra sjøbu med trelås for døra. Etter tradisjonen vart bua oppattbygt etter storstormen 11. mars 1822, då storm og hav hadde brote henne ned.

veit ikkje om det nå lenger. Ei gilja er eit høgt stativ, som ein oppreist stige av tre. Den som «låg i jiljå», som dei sa, kunne fylgja fisken under sjølåket. «'an gjere si'eskot», kunne han i gilja ropa til dei i notbåten, «nå må de la notå gå, karar». Gjera si'eskot vil seia at ein og annan fisken i stimen la seg over på sida slik at dei blanke fiskebukane skein i sjøen.

Dei snakkar om tri «kast» i vågen. Alle gjekk tvers over frå land til land og stengde vågen inne. Gjekk fisken langt inn, kasta dei frå den inste bua, kartet nr. 4, og til Holmen på Glette. Det nemner dei «rimeleg kast». Men som regel låg notbåten ved utkanten av den ytste bua, kartet nr. 6. Stod fisken noko ute i vågen, måtte dei ro ut nota i ein boge før dei krøkte tvers over vågen og bøygde opp til Gletteneset. Det nemnde dei «høgt kast». Men somme tider laut dei ta «djupkastet». Det var frå litt innanfor Giljehaugen til Gletteneset. Det vanlege var at dei trengde fisken inn til Glettenausta og låssette der.

Oppgjer og deling av vinsten heldt dei til vanleg ein gong om året. Der finst ennå på garden ti årsoppgjer mellom 1918 og 1948 der me kan sjå kva reglar dei fylgde ved oppgjeret. Dei trekte fyrst frå landsluten til garden. Dette kan sjå ut til å samsvara lite med at dei sjølv hevda å ha fiskeretten i vågen; men det har vel samanheng med at partane i nøter og båtar etter kvart hadde lempa seg til etter praktiske tilhøve i fisket og kom til å samsvara mindre og mindre med matrikkelskylda. Landsluten rekna dei derimot ut etter matrikkelen, så der fall det på kvar jordeigar det han tilkom utan omsyn til kor stor parten hans var i notbruket. Her kjem og det til at dei fekk landslut frå framande notlag som fiska utetter Sundførlandet utanfor Kastet. I landslutpengane hadde dei og kontantar som dei kunne bruka til vedlikehald og påkostnad i dei nøtene og båtane der kvar åtte faste partar, så det var greit å likna ut kva kvar part skulle leggja ut.

Vinsten når landsluten var frådregen skifte dei i samsvar med ålmenn regel i to like luter, den eine på fiskebruket og den andre på mannskapet, mannsluten dei kalla. Mannsluten skifte dei likt på dei lutmennene som var med på dei einskilde kast. Talet kunne ymsa mellom 9 og 13. Av mannsluten fekk parteigarane etter mannskap dei hadde hatt med på kvart kast. Av den parten som fall på bruket fekk kastenøtene som hadde stengt fisken $\frac{2}{3}$, og trengdene som dei låssette med $\frac{1}{3}$. Men

her var skiftet jamt meir omstendeleg. Det hende at dei gjorde kastet med ei av trengdene, og då tilkom det denne ein part i tillegg til den faste parten på trengdene. Stundom brukte dei nøter som ein eller eit par av parteigarane åtte sjølv utanom laget, og då skulle desse ha omframt for det. Alt slikt laut trekkjast i frå fyrr dei kunne skifta etter dei faste vanlege reglane, og dei laut og halda rekning med kva nøter og båtar som var brukte i kvart einskilt kast.

Til slutt kom oppgjeret etter eigartilhøvet i dei ymse nøtene i notbruket. I sildanota og den store makrellnota gjorde dei opp etter balkjer, «balk for balk», som dei kalla det. I sildanota var der 38 og i makrellnota 40, ei tid 41 balkjer, og kvar jordamann fekk der oppgjer etter kor mange balkjer han åtte i kvar not. Trengdene og den litla makrellnota og båtane var derimot partseiga, i trengda sjuandepartar og i makrellnota sekstandepartar, og oppgjer for desse vart utrekna etter kor mange partar kvar åtte.

Partane i notbruket hørde jordene til slik som sjølve fiskeretten i vågen og fylgde med når ei jord gjekk over til ny eigar samleis som fiskeretten og landsluten. Bruket står framleis ved lag, og det er dei åtte jordamennene på garden som eig det. Det har i dag ei sildanot, 2 makrellnøter, ei makrelltrengd, to brislingtrengder og 3 notbåtar. Men med åra har det vorte lenger og lenger mellom kvar gong dei har bruket ute; siste gongen var i slutten av 1950-åra, men det vart ikkje fangst då. Nye bruksmåtar på gardane med meir intens drift med lite mannskap har serleg i åra etter siste krigen gjort det vanskelegare å halda ved lag den gamle bruksmåten der dei fann det økonomiske grunnlaget og levemåten like mykje på sjøen som på land.